



Ryfylke vassområde

## Innkalling til fellesmøte mellom Ryfylke vassområdeutval og arbeidsgruppa i vassområde

**Tid: 28.09.17 kl. 10.00-14.00**

**Stad: Strand kommunesenter**

Det blir oppmøte ved inngang til kommunesenteret kl. 10.00. Derifrå går me til Skarbekken der det blir ei orientering om miljøtilstandsundersøkinga som Cowi gjennomfører for Ryfylke vassområde.

### Sakliste

Sak 9/17: Befaring Skarbekken, Jørpeland. Cowi informerer om miljøtilstandsundersøkinga

Sak 10/17: Godkjenning av innkalling og sakliste

Sak 11/17: Miljøtilstandskartleggig i Nessavatnet, Mosvatnet og Erekeret/Høletjørna

Sak 12/17: Orientering om problemstillingar og utfordringar i kvar kommune

Sak 13/17: Orientering - vilkårsrevisjon i Ulla Førre

Sak 14/17: Uttale til «Innspeil til revisjon i Røldal-Suldal»

Sak 15/17: Neste møte

Sak 16/17: Eventuelt

Det blir enkel lunsj. Fint om du gir beskjed om eventuell matallergi.

Velkommen

Sand 20.09.2017

Mvh

Lin-Veronica Jacobsen  
Leiar, Ryfylke vassområdeutval

Jarle Lunde  
Vasskoordinator, Ryfylke vassområde



## Ryfylke vassområde

<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>	
Ryfylke vassområdeutval Arbeidsgruppa i Ryfylke vassområde	28.09.17	

Sak 9/17:

Befaring Skarbekken, Jørpeland. Cowi informerer om miljøtilstandsundersøkinga

Sak 10/17:

Godkjenning av innkalling og sakliste



Utval	Møtedato	Sakshandsamar:
Ryfylke vassområdeutval Arbeidsgruppa i Ryfylke vassområde	28.09.17	Jarle Lunde

### Sak 11/17:

### Miljøtilstandskartleggig i Nessavatnet, Mosvatnet og Erekjeret/Høletjørna

#### Bakgrunn

Vassforvaltningsarbeidet skal vere kunnskapsbasert. Det er difor avgjørande at det er avklart kva som er miljøtilstand og påverknad i ein vassførekomst før ein setter inn tiltak. I 2017 har me i Ryfylke vassområde fått på plass fleire ulike prosjekt der finansiering og overvåkingsavtalar er på plass.

I møte 12. juni -17 gjorde vassområde følgjande vedtak (sak 5/17):

- *Ryfylke vassområdeutval går inn for å få gjennomført ei overvaking i bekkeførekomst i Hjelmeland, Finnøy og Rennesøy kommunar i 2017. Undersøkinga vil supplere påbegynt overvaking i vassområde.*
- *Primært finansierast prosjektet av egne midlar (50%), samt fylkeskommunale tiltaksmidlar (50%) etter søknad. Sekundært finansierast prosjektet av egne midlar (100%).*
- *Prosjektet har ei kostnad på inntil kr 240 000.*
- *Eit prosjekt som tek sikte på tilstandsovervaking av Nessavatnet (Hjelmeland), og eventuelt andre lokalitetar, leggast fram for vassområdeutvalet hausten 2017 eller vinter 2018.*

Søknadsfrist for å søke Rogaland fylkeskommune sin tilskotsordning for vassmiljøtiltak 2017 var 1. september. Jfr vedtak over har vassområde søkt om å få dekkja 50 % av ei supplerande overvaking i bekkeførekomst i Hjelmeland, Finnøy og Rennesøy kommunar i 2017. Det er søkt om 79 225,-

Rogaland fylkeskommune har no utsett fristen for søknadsomgangen. Ny frist er måndag 9. oktober 2017. Dette gir oss moglegheit til å søke om midlar til å få gjennomført tilstandsovervaking av Nessavatnet med fleir i denne søknadsomgang, jfr siste avsnitt i vedtak sitert ovanfor.

#### Vurdering

Det er i dag tre vatnet som peikar seg ut som bør undersøkast. Føremålet er å kartleggje miljøtilstand, for i neste omgang å vurdere om det er naudsynt å setje i gong tiltak for å redusere næringstilførsla.

1. [Nessavatnet \(Hjelmeland\)](#) (lenke til vann-nett): Hjelmeland kommune søkte i 2016 om midlar frå Rogaland Fylkeskommune til å gjennomføre ei undersøking i bekkefeltet til Kotatjødna og Nessavatnet. Antatt kostnad for prosjektet var 40 000 kroner og ein fikk innvilga 20 000. Ein har seinare funne det meir hensiktsmessig å ha to prøvestasjonar nedstøms Kotatjørna. Dette er eit prosjekt som blir gjennomført i 2017.

I Nessavatnet finn ein det mest hensiktsmessig å gjennomføre ei undersøking i sjøve vatnet. Nessavatnet er omkrinsa av jordbruksareal. Det er usikkert i kor stor grad vatnet er påverka av dette. I vann-nett er tilstanden oppført som god, men med ein lav pålitelighetsgrad.

2. [Erekjeret/Høletjørna](#) (Strand): Ein bekkelokalitet skulle vore undersøkt her i 2017, men det viser seg at alt vatn drenerer gjennom lausmassar til Bleiåna. I vann-nett er miljøtilstanden oppført som moderat med middels pålitelighetsgrad.

3. [Mosvatnet](#) (Suldal): Det skal tidligare har vore funne collibakterier i innløpsbekk til vatnet. Det er i 2017 ferdigstilt nytt renseanlegg og hytter i området er kopla til. I vann-nett er miljøtilstanden oppført som moderat med middels pålitelighetsgrad.

Vasskoordinator vil utover hausten jobbe fram ein tiltaksstatus for Ryfylke vassområde. Dette vil gi ein betre oversikt over kva me har og ikkje har over kunnskap om vassførekomstane. Dersom det visar seg at det er fleire vatn der det er behov for ei undersøking kan ein komme med ei supplerande søknad ved eit seinare høve, t.d. ved same tilskottsordning i 2018. Uansett vil ikkje dette vere ei undersøking som kan ta til før i mai 2018.

Kostnad: Ei undersøking av tre vatn i Strand kommune i 2017 blir gjennomført innafor ei økonomisk ramme på 247 000,- eks mva. Dersom ein nyttar dette som vegleiar pris og plussar litt på for større avstandar og prisvekst, er me på om lag 275 000,-

Det synes klart at statlege/fylkeskommunale midlar er naudsynte for å få gjennomført undersøkingar. Sakshandsamar føreslår at ein søker om 50 % frå fylkeskommunen og at ein delar resterande på vassområde (25%) og kommunen (25%) der vasslokaliteten ligg. For vassområde blir dette då 68 750,- og for kommunane 22 917,-.

Ryfylke vassområde har 290 000,- som kan nyttast til tiltak eller kunnskapsforbetring. Det er blitt gjort vedtak om å nytte 79 225,- av desse til bekkeundersøkingar i 2017, sekundært 158 450,- dersom det ikkje blir tildelt midlar frå fylkeskommunen. Det betyr at Ryfylke vassområde etter bekkeundersøkinga enten har 131 550,- eller 210 775,- disponibelt til ulike prosjekt.

[Forslag til vedtak](#)

Ryfylke vassområde går inn for å få gjennomført ei miljøtilstandskartleggig i Nessavatnet, Mosvatnet og Erekeret/Høletjørna.

For å finansiere prosjektet søker ein fylkeskommunale tiltaksmidler (50%). Øvrig kostnad blir dekket av Ryfylke vassområde (25%) og kommunane Strand, Hjelmeland og Suldal (totalt 25%).



Utval	Møtedato	
Ryfylke vassområdeutval Arbeidsgruppa i Ryfylke vassområde	28.09.17	

## Sak 12/17:

### Orientering om problemstillingar og utfordringar i kvar kommune

#### Bakgrunn

Tabellen under er henta frå regional plan for vassforvaltning. Den viser «en generalisert oversikt over hovedpåvirkningsfaktorer på elv, innsjø og kystvann for hele vannregionen, som medfører risiko for ikke å oppnå eller opprettholde god miljøtilstand.»

Men korleis er det i din kommune? Kvar representant frå arbeidsgruppa gir ein kort status for vassmiljøet og arbeidet med dette i sin kommune. Kva moglegheiter og utfordringar ser kommunen framover i arbeidet med vassmiljøet?

#### Diskusjon og synspunkt

Nr	Vannregion Rogaland	Jæren vannområde	Dalane vannområde	Ryfylke vannområde	Haugalandet vannområde
1	Sur nedbør	Avrenning fra landbruk	Sur nedbør	Fysiske inngrep med vannføringsendring	Sur nedbør
2	Fysiske inngrep med vannføringsendring	Fysiske inngrep med vannføringsendring	Fysiske inngrep med vannføringsendring	Sur nedbør	Avrenning fra landbruk
3	Avrenning fra landbruk	Avløp fra spredt bebyggelse	Avrenning fra landbruk	Avrenning fra landbruk	Avløp fra spredt bebyggelse
4	Avløp fra spredt bebyggelse	Avrenning fra byer/tette flater	Punktutslipp fra industri	Avløp fra spredt bebyggelse	Avrenning fra annen diffus kilde
5	Avrenning fra byer/tette flater	Punktutslipp fra renseanlegg / avløp	Avløp fra spredt bebyggelse	Fremmede arter - Punktutslipp fra renseanlegg / avløp	Fysiske inngrep med vannføringsendring
6					Avrenning fra industri
7					Punktutslipp fra renseanlegg/avløp



Utval	Møtedato	Sakshandsamar:
Ryfylke vassområdeutval Arbeidsgruppa i Ryfylke vassområde	28.09.17	Jarle Lunde

### Sak 13/17:

#### Orientering - vilkårsrevisjon i Ulla Førre

**I møte vil det bli gitt ein presentasjon av status for arbeidet med å utabeida eit revisjonskrav. Det er ønskjeleg med innspel.**

#### Bakgrunn for saka

I «Regional plan for vannforvaltning i vannregion Rogaland. 2016-2021» er 3 vassdrag prioritert for vilkårsrevisjon, deriblant Ulla og Førreåna.

Hjelmeland, Bykle og Suldal kommune har saman planlagt å krevja revisjon av vilkåra i konsesjonane gitt i Ulla Førre. Formålet er å betre miljøforholda.

Ryfylke vassområdeutval vedtok i møte 12.06.17 «Arbeidsplan for Ryfylke vassområde 2017». Her heiter det at vassområde skal delta i arbeidet med å utarbeide eit kravdokument for Ulla-Førre revisjon og at denne skal opp som sak i vassområdeutvalet.

#### Om revisjon

Vassdragsregulering påverkar dei fysiske forholda i vassdrag slik som vassføring, vassstemperatur og vasskvalitet. Slike endringar har ofte ein negativ effekt på fisk og andre ferskvassrelaterede artar. Også økosystemet på land blir påverka, villreinen kan miste funksjonsområde på bakgrunn av at trekkområde blir neddemt. Vatn og vassdrag er også ein sentral del av naturopplevinga i samband med friluftsliv og reiseliv.

Bakgrunnen for revisjonsbestemmelsen er eit behov for å modernisere eldre konsesjonar som blei gitt i ei tid da det ikkje blei stilt same miljøkrav ved utbygging som no. Dermed kan ein oppnå eit betre samsvar mellom vilkår i eldre konsesjonar og dagens lovverk og miljøstandardar.

Landssamanslutninga av Vasskraftkommunar (LVK) skriv:

*Aktuelle vilkår for revisjon er krav om minstevannføring, krav til fylling og tapping av magasiner (f eks sommervannstand), andre endringar i manøvreringsreglementet, terskler/ vannspeil, erosjonssikring, fiskeutsetting, biotopjusterende tiltak, tilrettelegging for ferdsel og friluftsliv langs vassdraget etc*

#### Saksgang i kommunane

Før kommunane kan senda krav om revisjon må det kartleggast kva ein krev revisjon av. Kommunane har difor gjennomført ei høyring blant aktuelle organisasjonar og grunneigarar. Det er berre ålmenne vilkår som kan takast opp, spesifikke grunneigar spørsmål som t.d. skjønn og erstatningar er ikkje tema.

Ei administrativ gruppe samansett frå dei tre kommunane jobbar fram eit utkast til revisjonskrav. Suldal kommune koordinerer arbeidet. Saka er planlagt lagt fram for endeleg vedtak i kommunestyra i desember. Før det vil saka leggast fram for Ryfylke vassområdeutval. LVK vil kvalitetssikre kravet juridisk.

### **Saksgang vidare**

Dersom NVE opnar revisjonssak etter mottak av krav, godtek dei at det kan startast revisjonssak. Konesjonæren utarbeider då eit revisjonsdokument. Utgreiingar og faglege vurderingar blir bekosta av dei. Etterpå følgjer høyring og innstilling frå NVE, før Departementet fastset nye vilkår. Erfaringa viser at saksgangen tek mange år.





Utval	Møtedato	Sakshandsamar
Ryfylke vassområdeutval Arbeidsgruppa i Ryfylke vassområde	28.09.17	Jarle Lunde

### Sak 14/17:

### Uttale til «Innspel til revisjon i Røldal-Suldal»

#### Bakgrunnsdokument

- Brev frå Suldal kommune: «Innspel til revisjon i Røldal-Suldal» (vedlegg)
- [Regional plan for vassforvaltning, plandokument](#)

#### Saka

Konsesjonen i Røldal-Suldal går ut i 2022. Det er på noverande tidspunkt uklart om det blir full konsesjonshandsaming, ein avtale mellom kommunane og Hydro om vidare prosess, eller ein vilkårsrevisjon (sjå brev frå kommunen). Uansett er det trong for ei kartlegging, og kommunane ber om innspel. Det blir poengtert at det ikkje er løysingar som er viktig å få inn, men gjerne problemstillingar.

#### Vurdering

Ryfylke vassområdeutval uttalar seg i forhold til økologien i vassmiljøet. Oppfølging av vassforskrifta og «Regional plan for vannforvaltning i vannregion Rogaland, 2016-2021» er her sentralt.

Vasskraft er utslippsfri og fornybar, men naturen som går tapt er ikkje fornybar. I eldre utbyggingar er det ikkje stilt same krav til miljøomsyn og avbøtande tiltak som i nyare konsesjonar. Modernisering av miljøvilkår i eldre konsesjonar kan difor bidra til store miljøforbetringar i regulerte vassdrag.

#### Vassforskrifta

Gjennom vassforskrifta har Norge implementert EU sitt vassdirektiv. Her blir det stilt krav om at alt vatn med moderat eller dårleg tilstand skal forbetrast. Dette gjeld og for regulerte vassdrag, men her må ulike samfunnsverdiar som fornybar energi og omsyn til naturverdiar balanserast mot kvarandre.

Sterkt påverka vassdrag blir etter vassforskrifta kalla sterkt modifiserte vassførekomstar (SMVF). Desse er blitt betydelig fysisk endra for å ivareta samfunnsnyttige formål, som til dømes kraftproduksjon. Sjølv med realistiske avbøtande tiltak er det i disse ikkje mulig å nå miljømåla som gjeld for naturlege vassførekomstar (god økologisk tilstand, GØT). Hovudregelen er at miljømål for sterkt modifiserte vassførekomstar er godt økologisk

potensial (GØP). Miljømåla er spesifikke for den enkelte SMVF, og er tilpassa den samfunnsnyttige bruken av vassførekomsten. Miljømålet GØP kan justerast basert på ny kunnskap eller endring i vurderinga av kva som er nyttig for samfunnet. Forskrifta har også bestemmelsar om unntak frå miljømåla, slik som fristutsetting, mindre strenge miljømål (MSM) og muligheit til å tillate ny verksemd, sjølv om dette medfører at miljømåla ikkje nås.

### **Regional plan for vassforvaltning**

Vassforvaltningsplanen for vassregion Rogaland blei vedteken sommaren 2016. Følgjande moment frå planen er viktige i forhold til saka:

- Generelt blir det peika på kunnskapsmanglar kva angår vassmiljøet. Ny kunnskap er difor prioritert.
- Planen prioritere arbeidet med ny konsesjon for den del av Røldalsvassdraget kor eksisterande konsesjon utgår i 2022. Dette for å betre økologisk miljøtilstand.
- Konsesjonsprosesser tar lang tid, difor bør konsesjonsprosess for Røldal-Suldal starta i 2016. Det bør foretas full konsesjonsbehandling.
- Omsyn til vassmiljøet og krava i vassforskrifta må prioriterast og avklarast gjennom konsesjonsprosessen.

Alle reguleringsmagasin tilknytt Røldal-Suldal (16 magasin), har i regionalplanen fått miljømålet GØP med miljømål å sikre forhold som gir sjølvproduserande stammar av innlandsaure (unntatt Kvanndalsfoss som ikkje er nemnd). Ein må her framskaffe kunnskap om dagens tilstand i magasinane og utgreie tiltak for å kunne nå målet.

Når det gjeld elveførekomstane går det fram av vedlegg 5 i vassforvaltningsplanen at 32 elveførekomstane knytt til Røldal-Suldal er vurdert. I atten av desse er ingen tiltak foreslått og har fått mindre strenge miljømål (MSM) definert som dagens tilstand.

I elleve av vassførekomstane er det foreslått problemkartlegging, men at målet i utgangspunktet er mindre strenge miljømål (MSM) definert som dagens tilstand. Ny kunnskap vil kunne avgjere om elveførekomsten får eit nytt miljømål, godt økologisk potensiale (GØP), med påfølgjande tiltak. Dei 11 vassførekomstane er: Risbuelva (øvre), Klauvfossen, Havreåna, Storelva, Grytjuvet, Kvesso, Novlefoss, Kaldevasselva, Nyastølselva, Øynoelv og Gjertrabekken.

I tre av vassførekomstane er målet godt økologisk potensiale (GØP). Dette er i Stølsåna (nedre) der miljømålet er spesifisert å sikre forhold som gir sjølvproduserande stammar av innlandsaure. Her treng ein undersøkingar som kartlegg dagens tilstand og potensialet for nye tiltak.

Dei to andre gjeld Roalkvamsåno og Brattlandsdalsåno. I desse vassdraga må ein framheva storaure og anadrom fisk (og ål?). Storauren i Suldalsvatnet er den eine av to storaurebestandar i Rogaland. Ein slik bestand utgjer ei genetisk distinkt gruppe som har beite-, vekst- og kjønnsogningskarakteristika som skil den frå andre grupper av aure i den same eller andre innsjøar, og som har gytelokalitetar der det også kan gyte mindre aure. Jfr «Fiskeundersøkingar i Suldalsvatnet i 2013» (Sægrov, H. 2014) gyt storauren i Roalkvamsåno, og sannsynlegvis i Brattlandsdalsåno og Kvilldalsåno (sistnemde i Ulla-Førre). I dei to siste gyt det og laks, i alle høve enkelte år.

Kunnskapen om storaure, laks og ål og påverknaden frå vasskraftutbygginga bør utgreiast. Ein bør i så måte vurdere minstevassføring og biotopforbetrande tiltak i Roalkvamsåna og i Brattlandsåna (Røldal-Suldal), så vel som i Kvilldalsåno (Ulla-Førre). På bakgrunn av ei problemkartlegging kan ein sette miljømål og tilhøyrande tiltak.

#### Forslag til uttale

Ryfylke vassområde viser til at regional vassforvaltningsplan prioriterer arbeidet med ny konsesjon for den del av Røldalsvassdraget kor eksisterande konsesjon utgår i 2022. Dette for å betre økologisk miljøtilstand. Vassområdeutvalet støtter opp om at konsesjonsprosessen bør starte nå.

Omsyn til vassmiljø og krava i vassforskrifta må prioriterast og avklarast gjennom konsesjonsprosessen. Me har i dag for lite kunnskap om vassførekomstane. Me visar her til saksframlegg. Ny kunnskap må følgast opp med tiltak.

Ryfylke vassområde ønskjer å være ein aktiv bidragsytar i den vidare prosessen.



Rådmannen

Liste

Dykkar ref.

Vår ref.  
17/262-11 17/9817  
Øyvind Valen

Arkivkode:  
K2 - S04

Dato:  
05.07.2017

## INNSPEL TIL REVISJON I RØLDAL - SULDAL

Odda og Suldal kommunar har saman planlagt å krevja revisjon av vilkåra i konsesjonane gitt i Røldal-Suldal. Kommunane har hatt fleire møte om saka, eit av dei saman med Hydro sentralt. No er det slik at konsesjonen i Røldal-Suldal går ut i 2022, og kommunane har rekna med at det vil medføra full konsesjonshandsamaing. Hydro har sjølv også uttalt dette, seinast i samband med innspel til vassregionsaka. Ei konsesjonshandsaming må fullførast innan 2022, medan ei ordinær vilkårsrevisjonssak kan ta mange år, og sjølve prosessen er det då NVE som har styring med.

I møte med kommunane har Hydro gitt uttrykk for at dei tek sikte på å oppretta eit nytt selskap med 2/3 offentleg eigarskap, og at dei deretter vil søkja om å overføra dagens konsesjonsvilkår til ein tidsuavhengig konsesjon for dette nye selskapet.

I det same møtet viste kommunane til kva selskapet tidlegare har uttalt, og peika på at vilkårsrevisjon har vesentleg lengre tidsperspektiv enn konsesjonsvilkårsendring. Med bakgrunn i Hydro sine tidlegare uttaler har kommunane håp om å koma til ei avtale med Hydro som gir kortare tidsperspektiv enn kva ein vilkårsrevisjon vil gje. Lukkast ikkje dette vil det bli fremja krav om vilkårsrevisjon.

Uansett er det trong for ei kartlegging, og til dette treng kommunane hjelp frå interesseorganisasjonar, grunneigarar og innbyggjarar flest. Dette brevet er ein førespurnad om dette.

### Kva kan reviderast?

Det er sannsynlegvis ikkje sjølve konsesjonen som no kan reviderast, det er sannsynleg at denne blir forlenga. I så tilfelle er det ikkje aktuelt å leggja ned kraftproduksjon eller revidera høgaste og lågaste regulerte vannstand i magasina.

Derimot kan det vera aktuelt å sjå på ting som:

- Sommervannstand
- Minstevassføring i enkelte elvar
- Tersklar og/eller vannspeil i elvar og bekkar
- Erosjonssikring
- Tilrettelegging for ferdsel og friluftsliv langs vassdraget

Postadr.  
Eidsvegen 7, 4230 SAND  
Besøksadresse

Sentralbord  
52 79 22 00  
Direkte tlf.  
52792200

Telefaks  
52 79 22 25  
E-post  
postmottak@suldal.kommune.no

Bankgiro

Org. nr.

- Endringar i levevilkår for fisk og eventuell fiskeutsetting
- Endringar i vilt og levevilkår for viltet,
- Biologiske faktorar
- Biotopjusterande tiltak
- Tiltak for å sikra ålmenta si ferdsel
- Tiltak for å sikra kulturminner

Det er ikkje løysingane som det er viktig å få inn, men gjerne problemstillingar.

- Er det til dømes skjedd endringar med miljø, dyreliv, fisk eller ferdsel som ikkje var teke høgde for ved konsesjonstidspunktet?
- Er det ting som den gong var akseptert, men som i dag ville vore handsama annleis?

Merk at det berre er ålmenne vilkår som kan takast opp, spesifikke grunneigarspørsmål som t.d. skjønn og erstatningar er ikkje tema.

### **Korleis:**

Kommunane ber om at innspel blir sendt inn til din kommune innan 1. oktober og tydeleg merka at det gjeld revisjon Røldal-Suldal. Ta gjerne kontakt med ein av følgjande:

- Suldal:                   Endre Gjil,                   [endre.gjil@suldal.kommune.no](mailto:endre.gjil@suldal.kommune.no)
- Odda:                    Rolf Bøen                    [rolf.boen@odda.kommune.no](mailto:rolf.boen@odda.kommune.no)

Innspela bør følgja dette mønsteret:

1. Namn på innspelet
2. Plassering i geografi.
3. Skildring av problem/utfordring / skadar eller ulemper ved reguleringa som ein ynskjer skal løysast. Eventuelt også framlegg til tiltak, men dette er ikkje nødvendig.
4. Namn på innsendar (Kun for at kommunen skal kunne ta kontakt – i endeleg sak vil alle innspela vera kommunen sine innspel)
5. Eventuelle supplerande opplysningar.

Kommunane tek sikte på at kravet blir utarbeidd /eventuelt drøfta med Hydro seint haust 2017. Innspela må difor vera innlevert innan 1. oktober.

### **Vidare prosess:**

Det er tre alternativ vidare:

- Full konsesjonsbehandling som må vera fullført innan 2022.
- Kommunane og Hydro blir einige om ein avtale som angir vidare prosess
- Kommunane sender krav til NVE som avgjer vidare framdrift. Godtek NVE at det kan startast revisjonssak, så er det konsesjonæren som utarbeider eit revisjonsdokument. Utgreiingar og faglege vurderingar blir bekosta av dei. Etterpå følgjer høyring og innstilling frå NVE, før Departementet fastset nye vilkår.

Underskrive

Med helsing

Øyvind Valen  
Rådmann Suldal kommune

Ole Jørgen Jondahl  
Rådmann Odda kommune





Utval	Møtedato	
Ryfylke vassområdeutval Arbeidsgruppa i Ryfylke vassområde	22.09.17	

Sak 15/17:

Neste møte i Ryfylke vassområdeutval

Kommande saker:

- Utkast til revisjonskrav for Ulla-Førre er venta å vere ferdig til november/ desember
- Utkast til årsrapport, tiltaksstatus og arbeidsplan for vassområde er venta å vere ferdig i januar/februar

Sak 16/17:

Eventuelt